



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3049 - 23/12607

Saksbehandlar:  
Therese Lyngbo Iversen  
therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:  
02.06.2023

## Oversending av dispensasjonsvedtak for klagevurdering - gbnr 66/1 Hundhammer - Søknad om dispensasjon for oppføring av husvogn

**Tiltakshavar:** Ida Hundhammer  
**Ansvarleg søkjar:** Ida Hundhammer  
**Tiltak:** Oppføring av husvogn  
**Klagar:** Ida Hundhammer  
**Klage motteken:** 28.02.2023

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av husvogn på gnr. 66 bnr. 1.

Det vart gjeve avslag på dispensasjonssøknaden i vedtak datert 16.02.2023 saknr. 020/23.

Det er motteke klage på vedtaket av Ida Hundhammar den 28.02.2023.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

### Handsaming

Klagesaka vart handsama av plan- og kommunalteknisk utval i møte den 24.05.2023 saknr. 046/23, der følgjande vedtak vart fatta:

**"Kommunen sitt vedtak av 16.02.2023 saknr. 020/23 vert gjort om. Klagen vert teke til fylgje. Det vert gjeve løyve i 10 år som omsøkt. Fordelen med å gje denne dispensasjonen er større enn ulempene. Føremålsreglane i lova vert ikkje tilsidesett.**

**Grunngeving: Tiltaket som er tenkt som kårustad/avlastningsbustad er eit fornuftig tiltak for å sikre garden som både er ein arbeidsplass og som ein familieinstitusjon som heldt kulturlandskapet i hevd. Det er positivt at tiltaket er tenkt som ei løysing som enkelt kan fjernast**

og landskapet kan tilbakeførast dersom trongen for tiltaket fell vekk. Dispensasjonen set ikkje føremålsreglane i lova til side."

### Kulturminne

Vestland fylkeskommune har i brev av 05.12.2022 varsla arkeologisk gransking av tiltaksområdet, jf. kulturminnelova § 8 fyrste ledd.

Kommunen ber om tilbakemelding på dette innan fire veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. forskrift om byggesak § 6-2.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
leiar

Therese Lyngbo Iversen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Gbnr 66/1 - Søknad om dispensasjon for oppføring av husvogn - Handsaming av klage

Klage på avslag

Gbnr 66/1 - Søknad om dispensasjon for oppføring av husvogn som kårustad - Vedtak

Rev. Situasjonsskart 21.02.23

Rev Terrengprofiler 21.02.23

66/1 Hundhammer - Søknad om tillatelse til tiltak - plassering av husvogn med tilhøyrande veg. og slamavskiller

Søknad

Fasadetegning..

Snittegning..

Situasjonsskart

Terrengprofiler

Vedtak - Søknad - dispensasjon fra byggegrense - fv. 5418 - gnr. 66 bnr. 1 - Osterøy kommune

Vedtak - Søknad om endret eller utvidet bruk - avkjørsel - fv. 5418 - gnr. 66 bnr. 1 - Osterøy

66-1 Ortofoto 1-1000

66-1 Plan 1-500

66-1 Plan 1-1000

**Vedlegg:**

66-1 Ortofoto 1-500

Uttale - Osterøy - gbnr 66/1 - Hundhammer - plassering av husvogn/kårbustad - dispensasjon

Kulturminnefagleg fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan - gnr. 66 bnr. 1 - Osterøy kommune

Rev arealopplysninger.

Rev. plantegning.

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen